



Rune Århus  
Burkelandsvegen 84  
5281 VALESTRANDSFOSSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 23/849 - 23/12901

Saksbehandlar:  
Marit Nedreli  
marit.nedreli@osteroy.kommune.no

Dato:  
06.06.2023

## 141/3 Burkeland - Søknad om riving av løe - vedtak

**Administrativt vedtak. Saknr: 155/23**

**Tiltakshavar:** Rune Århus  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-4

### Kommunedirektøren sitt vedtak:

"Med heimel i plan- og bygningslova §§ 20-1, 20-2 og 20-4 bokstav b vert det gjeve løyve til tiltak for riving av løe på gnr. 141 bnr. 3 på følgjande vilkår:

- Tiltaket gjeld bygningsnummer 175864679, jf. plan- og bygningslova § 29-4, jf. forskrift om byggesak § 6-3."

### Tiltak

Saka gjeld søknad om riving av løe på gnr. 141 bnr. 3.

Det vert elles synt til søknad motteken 17.03.2023 og supplert 27.03.2023, 26.04.2023 og 27.04.2023.

### Sakshandsamingsfrist

Søknaden var klar for handsaming den 27.03.2023 og frist for sakshandsaming etter plan- og bygningslova (pbl.) § 21-7 jf. forskrift om byggesak (SAK) § 7-2 er 12 veker frå denne dato.

Fristen går ikkje i den tida saka ligg til uttale hjå regionale og statlege styresmakter, jf. plan- og bygningslova § 19-1, jf. § 21-7, 4. ledd.

Fristen går ikkje i den tida saka ligg til handsaming hjå regionale og statlege styresmakter, jf. orienteringsbrev, jf. forskrift om byggesak § 7-3, 1. ledd.

### **Planstatus**

Eigedomen ligg i uregulert område innanfor det som i kommuneplanen sin arealdel er definert som LNF-område.

### **Uttale frå anna styresmakt**

Saka er sendt på høyring til Vestland fylkeskommune.

Kommunen har i brev av 25.04.2023 motteke førebels uttale frå Vestland fylkeskommune.

Tiltakshavar sende inn meir dokumentasjon i saka 27.04.2023.

Kommunen vidaresende dokumentasjonen til Vestland fylkeskommune.

Vestland fylkeskommune har i brev av 04.05.2023 kome med fylgjande kulturminnefagleg fråsegn:

Vi viser til mellombels uttale frå Vestland fylkeskommune dagsett 25. april 2023, om søknad om riving av ei SEFRAK-registrert løe på Osterøy. Vi etterlyste meir informasjon om løa, og fekk nokon fleire fotografiar av løa i brev dagsett 2. mai 2023. Bileta syner ein blanding av nyare og eldre materialar, og gjev noko meir grunnlag for å vurdere saka. Deler av løa er i dårleg stand. Vi forstår det slik at det ikkje er vilje eller ressursar til å setje løa i stand, og ser dermed ikkje at det er grunnlag for å oppmoda Osterøy kommune om å pålegge istandsetjing. Vi vil understreke at det er svært uheldig at bygningar med kulturhistorisk verdi kan forfalle så mykje som er tilfelle i denne saka, og at dette undergrev moglegheiter for å etablere ny bruk og dermed bevaring av kulturminne.

Kommunen syner elles til motteken uttale.

### **Plassering**

Plassering av tiltaket er synt i situasjonsplan motteken 27.03.2023.

### **Avfallsplan**

Tiltaket har krav til avfallsplan etter forskrift om tekniske krav til byggverk § 9-6.

## **VURDERING**

Kommunen legg motteken uttale frå Vestland fylkeskommune av 04.05.2023 til grunn for handsaminga.

Tiltaket gjeld løe med bygningsnummer 175864679.

### **Vurdering etter naturmangfaldslova**

Kommunen har vurdert prinsippa i §§ 8 – 12 i naturmangfaldslova. Kommunen har mellom anna sjekka det aktuelle arealet i [www.naturbase.no](http://www.naturbase.no) og [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no) og nytta rettleiing frå Fylkesmannen i Hordaland/Statsforvaltaren i Vestland. Kommunen kan ikkje sjå at tiltaket vil kome i konflikt med naturmangfaldslova.

### **Konklusjon**

Kommunedirektøren vurderer at søknaden er fullstendig, og sidan det ikkje er søkt om unntak vert det lagt til grunn at tiltaket skal oppfylle alle tekniske vilkår, jf. plan- og bygningslova § 21-4. 1. ledd.

Kommunen gjev løyve til riving av løe på gnr. 141 bnr. 3.

## Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 13-1, 6. ledd og gjeldande delegeringsreglement.

## Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b. Det er høve til å be om utsett iverksetjing, jf. forvaltningslova § 42, 1. ledd. Part har rett til å sjå dokumenta i saka, jf. forvaltningslova § 27, 3. ledd, jf. §§ 18 og 19.

Dersom tiltak vert sett i verk før klagefristen er ute eller før det føreligg endeleg vedtak etter handsaming av eventuell klage, er eventuell retting av tiltak tiltakshavar sitt ansvar.

## Til orientering

Ved all vidare kontakt i denne saka, referer til saknr.: 23/849.

## Ansvar

Tiltakshavar er ansvarleg for at byggverket vert rive i samsvar med føresegner gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, jf. pbl. § 23-1, 2. ledd. Om søknaden er i strid med offentlege føresegner gjeld føresegnene føre løyvet. Vedtak etter plan- og bygningslova inneber ikkje avgjerd i privatrettslege tilhøve, jf. pbl. § 21-6.

## Bortfall av løyve

Om tiltaket ikkje er sett i gang innan 3 år etter at dette løyvet er gitt, eller vert innstilt i lengre tid enn 2 år, fell løyvet bort, jf. pbl. § 21-9.

## Avfall

Alt avfall som tiltaket fører med seg skal leverast til mottak godkjent av forureiningsstyresmakta.

## Ferdigstilling

Tiltaket skal avsluttast med ferdigattest, jf. pbl. § 21-10 og forskrift om byggesak § 8-1.

## Gebyr

Med heimel i plan- og bygningslova § 33-1 og Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste vert det følgjande gebyr i saka:

Kode	Skildring	Sum kr.
10.3.1	Tiltak: riving av løe	7.200,-
	<b>Totalt gebyr å betala</b>	<b>7.200,-</b>

Art	Ansvar	Teneste	Kostnadsstad	Prosjekt	Mva/Mva.k	Debet	Kredit
16200	69000	3021					7.200,-

Tiltakshavar vil få tilsendt krav på gebyr for sakshandsaminga.

Gebyret skal vere betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan setjast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

### **Klage**

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal vere grunnngjeven.

Med helsing

Tore Johan Erstad  
leiar

Marit Nedreli  
fagansvarleg byggjesak

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakar:**

Rune Århus

Burkelandsvegen 84

5281

VALESTRANDSFOSSEN